



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2016/9 - 432.2 DATO: 11.04.2016

ÅLFOTBREEN VERNEOMRÅDESTYRE - HØYRINGSFRÅSEGN KALDEELVA KRAFTVERK - SAKSNR 201006391

Ålfotbreen verneområdestyre viser til søknad om konsesjon til Kaldeelva kraftverk i Gloppe.

Utbygginga det er søkt om ligg utanfor Ålfotbreen landskapsvernombærende. Ingen av dei omsøkte inngrepa ligg innanfor grensa til verneområdet, og verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka.

Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemmande i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevingar i verneområdet.

Skilbreivatnet og Straumsbotnen er eit veldig flott område. Den nordlege delen av vatnet og Straumsbotnen har eit ganske urørt preg utan tunge inngrep. Området er lite tilrettelagt for besøkande og bruken av området er relativt låg. Friluftsbrukarane er stort sett lokale folk på fottur eller fisketur, men det er også nokre tilreisande. Bygging av veg til kraftverket vil vere eit stort og synleg inngrep i landskapsrommet her. Samstundes vil det gjere området lettare tilgjengeleg enn det er i dag, noko som kan sjåast på både som positivt og negativt.

Der er planlagt inntaksdam i Kaldeelva 2-300 m frå grensa til landskapsvernombærendet, og vassvegen skal gå i fjell. Inngrep knytt til vassvegen vil soleis vere små og lite synleg frå landskapsvernombærendet, og vil truleg ikkje ha negative verknader for verneområdet.

Styret registrerer at tiltaket i følgje miljøvurderinga til Multiconsult vil gje middels negativ verknad på landskapsrommet utanfor verneområdet. Ålfotbreen verneområdestyre vil på generelt grunnlag oppmøde om at alle inngrep vert gjort so diskret og lite synlege i landskapet som mulig. Og at det ved ei eventuell utbygging vert gjort avbøtande tiltak slik at ein reduserer den negative verknaden til eit minimum.

Beste helsing

Hege Lothe (sign.)
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur